


Arbeidsprosess budsjett - Hordaland fylkeskommune

- Flytskjema med forklaring



Arbeidsprosess budsjett Hfk:



Aktiv. nr	Rolle	Aktivitet
1	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeiding av budsjett og økonomiplan er ein prosess som strekkjer seg over det meste av året før budsjettåret tek til.
2	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesrådmannen bestiller innspel frå avdelingane gjennom eit utfordringsnotat frå kvar avdelinga i byrjinga av april mnd.
3-4	Avdelingane	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeider eit notat som vert oversendt til fylkesrådmannen der utfordringar for neste år vert skissert.
5	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> I mai legg regjeringa Kommuneproposisjonen fram for Stortinget. Her får ein signal om kva rammer ein kan vente seg i det komande statsbudsjettet. Innspela frå avdelingane vert samordna og justert i høve til signala i Komm.proposisjonen.
6	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesrådmannen legg fram sak for fylkesutvalet i mai/juni om økonomiske rammer og fordeling på avdelingane og sektorane.
7-8	Politiske organ	<ul style="list-style-type: none"> Behandle og vedta dei økonomiske rammer og fordeling på avdelingane og sektorane.
9	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesrådmannen sender deretter ut budsjetttrundskriv til fagavdelingane med informasjon om føresetnadene for budsjettarbeidet, tidsfristar og økonomiske rammer.
10	Avdelingane	<ul style="list-style-type: none"> Avdelingane har frist til månadsskiftet august/september med å utarbeide budsjettforslag for sine ansvarsområde. Skulane startar gjerne budsjettarbeidet før det er gjort vedtak om økonomiske rammer. Dei må då byggje på sist vedteke økonomiplan og eventuelle førebelse signal frå fylkesrådmannen / sentral økonomiavdeling.
11	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesrådmannen syr saman forslaga frå fagavdelingane til eit samla budsjettokument, som vert lagt fram tidleg i oktober, før statsbudsjettet er presentert. Etter at statsbudsjettet er kjent, kan det vere behov for å gjere justeringar i forslaget til fylkesbudsjett.
12 - 13	Politiske organ	<ul style="list-style-type: none"> I oktober/november vert budsjettforslaget handsama i dei faste utvala og i fylkesutvalet, som gjev innstilling til fylkestinget. Fylkestinget vedtek i desember budsjett for det komande året og økonomiplan for ytterlegare 3 år.
14	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Når budsjettet er vedteke av fylkestinget, vert talmaterialet overvelta til økonomisystemet Oracle. Det vedteke budsjettet vert lagra i ein versjon kalla "Opprinneleg budsjett". Denne versjonen vert "låst".
15	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Budsjettendringar gjennom året vert registrert i versjonen "Revidert budsjett". Det er fylkeskassen som gjer alle registreringar i sentralt budsjett, som er fylkeskommunen sitt offisielle budsjett.
16	Økonomiavd. /budsjettseksjonen	<ul style="list-style-type: none"> Budsjettprosess for komande år avslutta.